

Hammar-Kameratane AS  
Hella 60  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3947 - 20/7750

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:  
12.02.2020

## Foreløpig svar på søknad - gbnr 445/30

Tiltak: Tilbygg til ungdomshus  
Byggjestad: Gbnr: 445/30  
Tiltakshavar: Manger Ungdomslag  
Ansvarleg Hammar-Kameratane AS  
søkjar:

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.02.2020 og saka har saksnummer 20/3947.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

<b>Sakstype</b>	<b>Tidsfrist</b>
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller	12 veker

søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon fra plan. Fristen går ikke i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikke ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikke er nødvendig.  Dersom fristen ikke er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.  For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	3 veker
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.  Dersom fristen ikke er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.  Byggverket kan ikke takast i bruk dersom fristen ikke er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

### Regelverk

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av bygesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7.
- Lengre frist kan avtalast, jf. pbl § 21-8.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hammar-Kameratane AS  
Manger Ungdomslag

Hella 60                5936  
c/o Else Marie      5936  
Nødtvedt  
Radøyvegen  
1552

MANGER  
MANGER